

PROTOKOLL
ÅRSMØTE I HORDALAND MÅLLAG
17. OG 18. MARS

LAURDAG 17. MARS

1. Opning, song og formalia, val av ordstyrarar, teljekorps, møteskrivarar og underskrivarar

- Årsmøtet valde Johannes Heradstveit (Kvam Mållag) og Matti Garnes Wiik (Bergen Mållag) til ordstyrarar for laurdag 17. mars og Borghild Marie Opdahl og Marie Morken til ordstyrarar for 18. mars.

2. Godkjenning av saklista

- Årsmøtet godkjende saklista.

3. Målprisen vart delt ut til Framtida.no

SUNDAG 18. MARS

4. Godkjenning av røysteføre

- Årsmøtet vedtok at alle utsendingane utanom utsendingen frå Arna Mållag (som ikkje hadde levert årsmelding) fekk røyserett.
- Årsmøtet valde Mona Stormark (Bergen Mållag), Astrid Reigstad (Meland Mållag) og Haldor Telle (Sotra Mållag) til underskrivarar av protokollen.

5. Årsmelding

- Årsmøtet godkjente to endringsframlegg og retta opp nokre datoar i teksten.

Etter framlegg frå Knut O. Dale (Odda Mållag) la ein til 'På valmøtet 22. august sa nestleiar – no parlamentarisk leiar i Venstre – Terje Breivik at Venstre støtta alle målkrava. Han og Venstre støtta kravet om to jamstilte og obligatoriske eksamensstilar, kravet om lovfesting av 20 læremiddel på nynorsk for innvandrarar og kravet om retten til å få opplæring i eiga skriftspråkgruppe på ungdomssteget (Odda-modellen)' under punktet om valmøtet 22. august.

Etter framlegg frå Astrid Helene Olsen (styreleiar i Hordaland Mållag) og Erlend Bakke (Askøy Mållag) fjerna årsmøtet ein setning som stod i parentes på side 4 i andre avsnitt. Dette gjaldt eit framlegg til Noregs Mållag som likevel ikkje var gjort.

Årsmøtet endra nokre datoar som var notert feil i årsmeldinga. Møtet med byråd for barnehage, skule og idrett var 28. september i 2017. Oppfylgingsmøtet for skulemålsaksjonen var 24. august. Strategimøtet for nynorsk i Hordaland var 20. mai.

- Årsmøtet godkjente årsmeldinga med endringar.

6. Rekneskap

- Årsmøtet godkjende rekneskapen med slikt vedtak: Rekneskapen for 2017 vert godkjent. Resultatet (overskotet) på kr. 67 211,16,- skal i heilskap gå til prosjektstillinga i Hordaland Mållag.

7. Arbeidsprogram

- Årsmøtet vedtok endringsframlegg til linene 3, 11, 17, 36, 38, 41, 42 og 43 i arbeidsprogrammet.

Etter framlegg frå Nils Mæhle (Bergen Mållag) valde årsmøtet å bruka ordet 'arbeida' og ikkje 'jobba' i ingressen, å skriva 'skal nynorsken verta styrkt' i line 11, å skriva 'styrkja laga' i line 17, å bruka ordet 'organisasjon' og ikkje 'samskipnad' i line 38, å skriva 'styresmakter og næringsliv' i overskrifta i line 41, å stryka 'ulike' i line 42 og å leggja til 'Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og andre kommunar i Hordaland og Bergen næringsråd' i line 43.

Etter framlegg frå Erlend Bakke gjorde styret ei språkleg endring i linje 17 og vedtok å skriva 'samla inn midlar og få til fleire finansieringsordningar for stillinga'.

- Årsmøtet vedtok arbeidsprogrammet med endringar.

8. Budsjett og årspengar

- Årsmøtet vedtok eit endringsframlegg i budsjettet.

Etter framlegg frå Oddvar Skre (leiar i skulemålsnemnda) vedtok årsmøtet å auka inntekstposten for målgåver til kr. 135.000 og føra opp kr. 10.000 meir i utgifter til skulemålsarbeid.

- Årsmøtet vedtok budsjettet med ei endring.
- Årsmøtet vedtok å ikkje endra årspengesumen som er på kr. 50 pr. medlem og kr. 25 for familiemedlemer.

9. Fråsegner

Årsmøtet hadde fått inn tre framlegg til fråsegn:

1. *Forsøpling av norsk språk*, frå Nils Mæhle (vedteken av Bergen Mållag sitt årsmøte)
2. *Nynorsk i lærarutdanninga*, frå Nils Mæhle (vedteken av Bergen Mållag sitt årsmøte)
3. *Nynorsk må vera på nettbrett*, frå Øystein Skjæveland (vedteken av Kvinnherad Mållag sitt årsmøte)

Årsmøtet vedtok å skriva alle organisasjonsnamna i fråsegn 1 fullt ut i staden for å bruka forkortingar.

- Årsmøtet vedtok fråsegn 1 med ei endring.
- Årsmøtet vedtok fråsegn 2 utan endringar.

Etter framlegg frå Marta Nagel-Alne (Studentmållaget i Bergen) vedtok årsmøtet ei endring i dei fyrste setningane i fråsegn 3: Å byta ut dei to fyrste setningane i fråsegna med 'Hordaland Mållag fylgjer utviklinga i bruken av digitale læremiddel i skulen med interesse. I eit stadig meir digitalisert samfunn er dette ei utvikling det er viktig å ta på alvor.'

Etter framlegg frå Hans Birger Drange (Askøy Mållag) vedtok årsmøtet å bruka ordet 'programvare' i staden for 'appar og program' i fråsegn 3.

Årsmøte la fram ein merknad om at Hordaland Mållag skal skrivast med majuskel fremst i begge orda.

Øystein Skjæveland trekte dei opphavlege formuleringane i fråsegn 3 og stilte seg bak endringsframlegga.

- Årsmøtet vedtok fråsegna med endringar.

10. Val

Valnemnda la fram fylgjande innstilling til styret i Hordaland Mållag:

Styreleiar – Bjørg Eli Eide eller Knut O. Dale

Medlemer i styret – Ingrid Hovstad og Sahra Torsvik

1. vara – Astrid Helene Olsen (Bergen Mållag)

2. vara – Kristin Hågøy (Medisinsk Mållag)

3. vara – Marta Nagel-Alne (Studentmållaget i Bergen)

4. vara – Øyvind Heitmann (Arna Mållag)

5. vara – Lars M. Fjeldstad (Osterøy Mållag)

Solveig Grønlien (Odda Mållag) og Arild Reigstad (Arna Mållag) var ikkje på val og er framleis medlemer i styret.

- Årsmøtet valde Bjørg Eli Eide til ny leiar med 23 mot 8 røyster. I tillegg vart det tald opp ei blank røyst og ei som vart forkasta.
- Årsmøtet hadde ingen andre framlegg til styremedlemer og vedtok innstillinga frå valnemnda.
- Årsmøtet hadde ingen andre framlegg til varamedlemer til styret og vedtok innstillinga frå valnemnda.

Valnemnda la fram fylgjande innstilling til verv i skulemålsnemnda:

Leiar – Erlend Bakke

Medlemer – Øyvind Heitmann (Arna Mållag), Oddvar Skre (Fana Mållag), Borghild Gramstad (Bergen Mållag)

Varamedlemer – Mona Stormark, Aslaug Mork Topphol

Skulemålsnemnda får fullmakt til å finna ein tredje vara
Ragnhild Kvifte var ikkje på val og sit framleis i nemnda

- Årsmøtet hadde ingen andre framlegg og vedtok innstillinga frå valnemnda.
Skulemålsnemnda fekk fullmakt til å finna ein tredje varamedlem.

Kåre Johan Mjør og Arne Apol vart innstilte til å gjera bokettersyn. Styret ville ta på seg oppgåva med å finna ein vara.

- Årsmøtet vedtok revisorinnstilling og gav styret oppgåva med å finna ein vara.

Til valnemnda var Øystein Skjæveland føreslått til attval som leiar i nemnda. Håkon Remøy og Johannes Sekse var ikkje på val og er framleis medlemmer.

Marta Nagel-Alne gjorde framlegg om å velja Håkon Remøy til ny leiar i nemnda.

- Årsmøtet valde Håkon Remøy til ny leiar i valnemnda med 17 mot 15 røyster. Ei røyst var blank.

Styret gjorde framlegg om at Øystein Skjæveland kunne veljast til medlem i valnemnda.

- Årsmøtet valde Øystein Skjæveland til medlem i valnemnda.

Innstilte utsendingar til landsmøtet var desse:

1. Bjørg Eli Eide, 2. Solveig Grønlien, 3. Ingrid Hovstad, 4. Arild Reigstad, 5. Sahra Torsvik, 6. Erlend Bakke, 7. Øystein Skjæveland, 8. Oddvar Skre, 9. Bjørn Enes, 10. Brit Reigstad. På varaplass stod Ingvild Kleiveland Vevle, Aslaug Mork Toppol og Kristin Hågøy innstilte.

- Årsmøtet vedtok innstillinga frå styret.

Erlend Bakke (Askøy Mållag) var innstilt til vervet som mållovsansvarleg i Hordaland Mållag.

- Årsmøtet valde Erlend Bakke til mållovsansvarleg.

Øystein Skjæveland var innstilt til vervet som næringslivsansvarleg i Hordaland Mållag.

- Årsmøtet valde Øystein Skjæveland til næringslivsansvarleg.

REFERAT
ÅRSMØTE I HORDALAND MÅLLAG
17. OG 18. MARS

ÅRSMØTESEMINAR 17. MARS

Styret i Hordaland Mållag, ved leiar Astrid Helene Olsen, ynskte velkomen og opna årsmøtet. Vidare vart styret si innstilling til ordstyrarar lagt fram, og denne såg slik ut: Johannes Heradstveit (Kvam Mållag) og Matti Garnes Wiik (Bergen Mållag) styrer ordet på årsmøtet sin fyrste dag (17. mars) og at Marie Morken (Meland Mållag) og Borghild Marie Opdahl (BUL Ervingen) gjer det dagen etter (18. mars).

- Årsmøtet godkjente innstillinga til ordstyrarar.

Vidare presenterte Olsen saklista.

- Saklista vart lagt fram og vart godkjend av årsmøtet.

Fyrste punkt på programmet var utdeling av Målprisen 2018. Denne gongen ynskte styret å bruka prisen til å gje heider til Framtida.no, ei nynorsk nettavis for born og unge med hovudkontor på Stord. I 2017 var heile 825.000 brukarar innom sida deira, så det seier seg sjølv at redaksjonen her gjer ein unik innsats for å syna fram nynorsken i medielandskapet på nett. Hausten 2017 lanserte dei også ei ny nettavis, Framtidajunior.no, som rettar seg mot born i alderen 7 til 13 år. Denne avisa vert også gjeven ut på papir og kan tingast av både skular og private.

Redaktør Svein Olav Langåker kom til årsmøtet for å ta imot prisen og Hordaland Mållag retta ein stor takk til han og redaksjonen for det viktige arbeidet dei gjer. Astrid Helene Olsen og Oddvar Skre, leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag, delte ut prisen, som var eit maleri av kunstnaren Karl Seim.

Vidare denne årsmøtedagen heldt Svein Olav Langåker ei innleiing om stoda for digitale læremiddel på nynorsk, Nils Mæhle fortalde om historia til Målvinarlaget – det fyrste studentmållaget i Noreg, og Hege Myklebust presenterte eit forskingsprosjekt om haldningar til, og bruk av, nynorsk blant skuleelevar i den vidaregåande skulen. Til sist fekk Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, ordet for å leggja fram styret i Noregs Mållag si innstilling til nytt arbeidsprogram for heile samskipnaden. Arbeidsprogrammet skal vedtakast på landsmøtet dette året og skal gjelda for dei neste fire åra. Etter alle innlegga var det sett av tid til ordskifte. (Sjå eige referat.)

ÅRSMØTE 18. MARS

1. Opning og godkjenning av røysteføre

Styret la fram deltakarlista og gjekk inn for at alle utsendingane utanom representanten frå Arna skulle få røysterett. Av dei representerte laga var det berre Arna som ikkje hadde levert årsmelding, og styret ynskde ikkje å etablera praksis om at ein fleire år på rad kan få røysterett på årsmøtet med fullmakt frå lokallagsstyret sitt som kompensasjon for manglande årsmelding.

- Årsmøtet godkjente styret si innstilling til røysteføre.

Vidare føreslo styret å gje Haldor Telle (Sotra Mållag), Astrid Reigstad (Meland Mållag) og Mona Stormark (Bergen Mållag) oppdraget med å signera protokollen.

- Årsmøtet godkjente styret si innstilling til signering av møteprotokollen.

2. Helsing frå Magne Aasbrenn

Opningstalen vart halden av leiar i Noregs Mållag Magne Aasbrenn. Han opna med å seia at han kjenner seg audmjuk når han kjem, som leiar i Noregs Mållag, frå Austfold til Hordaland, og at det var flott å få vera med på dette årsmøtet. Hordaland Mållag representerer ein fjerdedel av alle medlemene i Noregs Mållag, og det nest største fylkeslaget i samskipnaden er berre halvparten så stort som Hordaland Mållag. Hordaland har lange nynorsktradisjonar og er blant anna heimen til dei eldste mållaga i noregshistoria, Vestmannalaget og Målvinarlaget, men også i dag er nynorsken svært synleg og utbreidd i fylket. Den nye vestlandsregionen skal administrerast på nynorsk, Høgskulen på Vestlandet, som har fleire avdelingar i Hordaland, nyttar nynorsk og no er også Bergen kommune komen langt i arbeidet om å ta betre vare på nynorsken og nynorskbrukarane i byen. At Tertnes vidaregåande skule no byter namn til Tertnes vidaregåande skule er mellom anna noko som er med på å flytta sjakkbrikka for nynorsken litt fram.

Samstundes har Aasbrenn nyleg kome til å reflektera litt over sjølve namnet på Noregs Mållag, og at dette faktisk er eit fleirtalsord. Det syner til alle mållaga her og der, og dei tilsette på skriarstova arbeider for å gjera alle desse så effektive som dei kan vera. I Hordaland har ein til dømes dette året heile to gode leiarkandidatar, noko som må tyda på at dette er ein vital organisasjon. Sjølv er Aasbrenn glad for å ha vore leiar i Noregs Mållag desse åra der nynorsken har gått mykje fram i Hordaland.

Vidare uttrykte Aasbrenn at han håpa mange herifrå ville koma til Noregs Mållag sitt landsmøte i Vinje. Dette landsmøtet vil truleg verta litt trongt og upraktisk, men det er stas å få vera med å feira Vinje-jubileet her. På landsmøtet skal ein også vedta eit nytt arbeidsprogram, der Hordaland Mållag mellom anna har gjort framlegg om at mållovsarbeid må vera eit større satsingsområde.

Til sist retta leiaren ei stor takk til Hordaland Mållag for ei flott helg så langt og for at han har fått oppleva mykje spanande i Hordaland dei siste åra. Her trekte han mellom anna fram møta på Flesland, i Gimle, i Odda og på Litteraturhuset i Bergen, saman med to stipendutdelingar som også har vore i Bergen dei siste åra. Til sist ville han også gjerne takka styret i Hordaland Mållag, med Astrid Helene Olsen som leiar, og Studentmållaget i Bergen for godt samarbeid. Han håpa vidare at det nye styret i Noregs Mållag vil samarbeida like godt med Hordaland Mållag i framtida for å få vatna den nynorske frukthagen slik at denne får halda fram med å veksa.

Styret takka Aasbrenn for mange fine ord og sa seg glad for at det er nettopp han som er leiar i Noregs Mållag. Han gjer ein strålande innsats for rørsla.

3. Årsmelding

Neste punkt på dagsorden var årsmeldinga frå styret. Styret, ved Astrid Helene Olsen, la denne fram.

Årsmøtet hadde fylgjande merkander:

Knut O. Dale (Odda Mållag) kom med eit endringsframlegg under punktet om møtet 22. august. Her kan det leggjast til fylgjande: 'På valmøtet 22. august sa nestleiar – no parlamentarisk leiar i Venstre – Terje Breivik at Venstre støtta alle målkrava. Han og Venstre støtta kravet om to jamstilte og obligatoriske eksamensstilar, kravet om lovfesting av 20 læremiddel på nynorsk for innvandrarar og kravet om retten til å få opplæring i eiga skriftspråkgruppe på ungdomssteget (Odda-modellen).'

Dette er ei god årsmelding som syner fram at aktiviteten har vore stor det siste året. Til punktet om møtet på Høgskulen på Vestlandet kan ein leggja til at høgskulen tok spørsmålet om nynorsk alvorleg og har gode planar for å fylgja dette opp. Ein kunne også tenka seg at Noreg Mållag skriv brev til høgskulen med spørsmål om kor langt dei er komne og kva som vert gjort for å fylgja opp saka. Magne Aasbrenn seier at dette vil styret i Noregs Mållag sjå til.

Nokre datoar i årsmeldinga er feil. Møtet med byråd for barnehage, skule og idrett var 28. september i 2017. Oppfylgingsmøtet for skulemålsaksjonen var 24. august. Strategimøtet for nynorsk i Hordaland var 20. mai.

Astrid Helene Olsen og Erlend Bakke gjer framlegg om å stryka det som står i ein parentes på side fire i andre avsnitt. Framlegget som det vert referert til er ikkje lagt fram for årsmøtet.

Røyster i årsmøtesalen meinte det ville vera ei formell feil å stryka noko i ei årsmelding. Her kan ein berre leggja til protokollmerknader. Ordstyrarane var på si side ikkje samde i dette, og sa at dersom det er faktiske feil i meldinga, som datoar og liknande, kan slike rettast av årsmøtet.

- Årsmøtet vedtok endringsframlegget frå Knut O. Dale.
- Årsmøtet vedtok endringsframlegget frå Astrid Helene Olsen og Erlend Bakke.
- Årsmøtet vedtok heile årsmeldinga med merknader samrøystes.

4. Rekneskap

Kasserer Ingrid Hovstad la fram rekneskap, balanse, rekneskap for prosjektstilling og revisjonsmelding.

Årsmøtet hadde fylgjande spørsmål:

Kor mykje av det som er brukt på prosjektstillinga er sparepengar og kor mykje er driftsmidlar? Kasserar har ikkje rekna desse tala saman, så det står ganske godt forklart kva som er kva av utgiftene til dette.

I balansen har sparepengane auka kvart år. Desse pengane må koma frå ein stad, og årsmøtet har vedteke å bruka oppsparte ressursar på stillinga.

Kasserar forklarte at rentene frå fondet har auka og vidare at rekninga for siste halvår i 2017 vart betalt i januar. Sum eigdeilar har difor ikkje eigentleg auka så mykje.

Kasserar hadde sjølv ein merknad til rekneskapen, nemleg at Bergen Mållag har løyvd kr. 30.000 i tillegg til det som står i rekneskapen. Desse pengane er ikkje komne over enno, men løyvinga deira vert difor kr. 50.000 til saman og ikkje kr. 20.000 slik det står no.

- Årsmøtet godkjende rekneskapen med slikt vedtak: Rekneskapen for 2017 vert godkjent. Resultatet (overskotet) på kr. 67 211,16,- skal i heilskap gå til prosjektstillinga i Hordaland Mållag.

5. Arbeidsprogram

Styreleiar gjekk gjennom arbeidsprogrammet og kommenterte at ein har prøvd å gjera dette så kort og konsist som råd.

Det vart opna for ordskifte og årsmøtet hadde fylgjande meiningar og merknader:

Dette arbeidsprogrammet har mykje godt ved seg. Med utgangspunkt i punktet om næringslivsarbeid er det viktig å få med at ein bør stila på møta sentrale organ i næringslivet, som til dømes Bergen Næringsråd. Det er viktig å få kontakt med denne typen organisasjonar i Bergen som ikkje tradisjonelt sett har representert krefter som jobbar for nynorsk. Nettopp difor bør ein arbeida med å få slike organ til å hjelpa med å få nynorsken til å verta brukt meir i næringslivet. Ein kan ikkje venta på at næringslivet skal koma på at det er lurt å bruka nynorsk av seg sjølve.

Styret svarte at dei er samde i at ein kan kontakta t.d. Bergen Næringsråd, men er usikre på om det skal stå i arbeidsprogrammet. Det er bra å ha eit arbeidsprogram som ikkje er for konkret. Noko må sjølvstøtt vera det, men ikkje for mykje. Ein har allereie konkrete punkt til dømes om det som gjeld finansiering og skulemålsfølelsen.

Til språket i arbeidsprogrammet: Ein må vera konsekvent i språkbruken og såleis velja å bruka styrkja eller styrka. Dette må rettast opp slik at det vert konsekvent. Generell språkvask må gjerne også til.

Det er heilt avgjerande å ha ein skrivar i Hordaland. Difor må ein tenka kreativt om økonomi.

Målgåver er viktige og ei ordning med frådrag i skattemeldinga kan ha noko å seia for å få fleire til å gje. Ein må difor prioritera å få til ei slik løysing.

Styret svarte at dette med å få til ei ordning med frådrag har vore ein avgjerande faktor for at betalingsordninga enno ikkje er komen på plass. Difor har ein bestemt at ein fyrst skal få til ei ramme med fast avtalegiro utan frådrag i skattemeldinga. Dette tek styret sikte på å få til i løpet av april.

Ein må ikkje ha eit tilbod om avtalegiro for å leggja inn eit fast trekk i nettbanken sin, det kan kvar og ein gjera sjølv. Men det er kan henda lettare for folk å hugsa på å gjera dette med avtalegiro. Når det gjeld skattefrådrag er dette kan henda meir avgjerande enn ein skulle tru for at folk skal velja å gje pengar til Hordaland Mållag. Difor må ein få dette til. Men det er klart at ein også kan opplysa folk om at ein ikkje treng å venta på frådragsordninga før ein legg inn faste trekk.

For å kunna trekka frå noko på sjølvmelding må ein ha gjeve minst kr. 500 i løpet av skatteåret. I tillegg må Hordaland Mållag gje frå seg ein del informasjon til skatteetaten. Det kan fort verta ein stor jobb å organisera eit slikt målgåvearbeid med frådrag på skattemeldinga og med avtalegiro. Ein kasserar aleine kan ikkje ta på seg alt det. Kan henda kan ein få til ei ordning i samråd med Noregs Mållag.

Styret svarte at ingen i styret er usamde i at det er lurt å få på plass ordningar med avtalegiro og skattefrådrag på målgåver. Det er essensielt å få inn så mykje pengar som mogeleg og ein kan diskutera om det er lurt å ha ein eigen konto for dette. Men slike spørsmål er det styret si oppgåve å finna svar på og ein har med vilje ikkje skrive inn detaljar om korleis dette skal gjerast i arbeidsprogrammet. Det må også seiast at ein må prøva å få Noregs Mållag til å ta ansvar også. Dei må skjønna at det er lurt å ha ein tilsett her.

Når det gjeld å finna nye finansieringsordningar, har ein tenkt på å få økonomisk hjelp frå bedrifter? Styret svarte at dette er ei av løysingane styret arbeider med. Når det gjeld tekniske ting som må ordnast kunne ein gjerne ha sett oppdraget ut til eit firma som hjelper med slikt. Her må ein gjera eit utgreiingsarbeid.

Magne Aasbrenn presiserte at på skrifvarstova har ein rekneskapsfører og dagleg leiar som har god kompetanse på slikt. Han har tenkt å ta det opp med dei om det er mogeleg at dei kan vera med å laga ei god løysing på dette.

Det nye styret vil ta med seg tilbakemeldingane frå årsmøtet i det vidare arbeidet på dette punktet.

Til punktet om å halda kontakt med styresmakter, bør ein også ha med at ein må ha møter med kommunane i Hordaland. Her kan ein også få inn noko om kontakt med næringslivet.

Arbeidsprogrammet treng ein ekstra språkvask. Nils Mæhle frå Bergen Mållag gjorde fylgjande framlegg til endringar i formuleringane:

I ingressen – bruka 'arbeida' og ikkje 'jobba'

I line 11 – 'skal nynorsken verta styrkt'

I line 36 – 'styrkja laga'

I line 38 – bruka organisasjon og ikkje samskipnad

I line 41 – 'styresmakter og næringsliv'

I line 42 – stryk 'ulike'

I line 43 – 'Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og andre kommunar i Hordaland og Bergen næringsråd'

Styret svarte at dei var samde i dei språklege endringsframlegga, men at tanken var å ikkje skriva opp møter med kommunane fordi det er noko lokallaga kan ta initiativ til og eventuelt invitara med Hordaland Mållag. Og så er det kan henda eit poeng å ikkje knyta fylkeslaget sitt arbeid for mykje opp mot Bergen kommune.

Erlend Bakke gjer framlegg om ei språkleg endring i linje 17: 'samla inn midlar og få til fleire finansieringsordningar for stillinga'.

- Årsmøtet vedtok alle endringsframlegga (i linene 3, 11, 17, 36, 38, 41, 42 og 43).

- Årsmøtet vedtok arbeidsprogrammet med innkomne merknader og dei vedtekne endringsframlegga.

6. Budsjett

Kasserar presenterte budsjettet.

Årsmøtet hadde fylgjande spørsmål og innspel:

Er det laga eit budsjett for finansiering av prosjektstillinga?

Kasserar svarte at det ikkje er laga budsjett for dette. Det er vanskeleg å gjera når ein ikkje har klart kor mykje ein kan få frå Noregs Mållag og korleis ein skal få pengar elles. Det er ein jobb det nye styret må ta.

Årsmøtet har vedteke at årsresultatet skal brukast på stillinga.

Kasserar svarte at ein veit ikkje om ein får stønad frå Noregs Mållag. Det er ukjent til etter landsmøtet. Dersom ein ikkje får noko frå Noregs Mållag er det ein manko på kr. 67.000,-

Har styret ein plan b? Det er vanskeleg å stø noko ein ikkje veit om går i boks.

Kasserar svarte at landsmøtet i 2016 vedtok å gje kr. 100.000 i 2017 og 2018 til stillinga. Dei siste kr. 100.000 kom inn i januar og dei er ført opp i oversynet over pengar til prosjektstillinga.

Skulemålsarbeidet er ei satsing, men er likevel lågt budsjettert. Kan ein auka dette? Det vil sjølvsgt gå ut over stillinga, noko som er jo dumt. Men det er vanskeleg å lesa at aktiviteten rundt skulemålsarbeid har vore høg ut i frå rekneskapen.

Kasserar svarte at det ikkje treng å kosta så mykje å driva skulemålsarbeid. Dessuten er nokon av kostnadene her pakka inn i postar som kurs, møter og kontorutgifter.

Slik det står no ser det ut som om skulemålsarbeidet er underbudsjettert, men det er gjerne slik at utgiftene er budsjettert andre stader. Også under prosjektstillinga er noko av dette notert, då denne har ansvar for ein god del av dette arbeidet. Likevel bør ein ta sikte på å bruka meir pengar på skulemålsarbeid. Skulemålsnemnda har tenkt på å stø NMU slik at dei kan ta på seg fleire språkferder til skular i Hordaland.

Kasserar svarte at ein har løyvd til slike reiser utan at ein har teke av skulemålsarbeidspotten. Det vert brukt pengar på dette, men pengane er bakt inn i andre postar. Summen i budsjettet er justert ned fordi det er brukt lite som vert ført på denne posten. Kostnadene går under løyvingar eller andre postar. Men det er råd å ta med seg dette vidare og gjerne føra fleire av desse som skulemålsarbeid.

Leiar i skulemålsnemnda Oddvar Skre gjorde framlegg om å auka inntekstposten for målgåver til kr. 135.000 og føra opp kr. 10.000 meir i utgifter til skulemålsarbeid.

Til neste år kan skulemålsnemnda levera eit eige budsjett.

- Årsmøtet vedtok endringsframlegget frå Oddvar Skre.
- Årsmøtet vedtok budsjettet med det vedtekne endringsframlegget.

7. Årspengar

Kasserar presenterte framlegg til vedtak om årspengar. Årspengane vert uendra: kr. 50 pr. medlem, kr. 25 for familiemedlemer.

- Årsmøtet vedtok i framlegget om å ikkje endra årspengesumen.

8. Mållov

Mållovsansvarleg Erlend Bakke tok opp sak om mållov til orientering. Målet med dette arbeidet er å skapa politisk press, og dette er noko alle privatpersonar og lokallag kan gjera sjølv, eventuelt at ein kan senda inn tips til mållovsansvarleg i Hordaland Mållag. Han forklarte korleis han sjølv brukar gjera arbeidet og presiserte at det er lurt å involvera Språkrådet når ein sender klager eller stiller spørsmål om offentleg målbruk.

9. Fråsegner

Det var kome inn tre framlegg til fråsegner til årsmøtet.

4. *Forsøpling av norsk språk*, frå Nils Mæhle
5. *Nynorsk i lærarutdanninga*, frå Nils Mæhle
6. *Nynorsk må vera på nettbrett*, frå Øystein Skjæveland

1

Nils Mæhle presenterte det fyrste fråsegnframlegget, fråsegna *Forsøpling av norsk språk*.

Denne fråsegna er tidlegare vedteken av Bergen Mållag sitt årsmøte.

Årsmøtet gjer framlegg om at ein i fråsegna kan skriva alle namn organisasjonsnamna fullt ut i staden for å bruka forkortingar.

- Årsmøtet godkjente endringsframlegget.
- Årsmøtet vedtok fråsegna med endringar.

2

Nils Mæhle presenterte også neste fråsegnframlegg, fråsegna *Nynorsk i lærarutdanninga*.

Denne fråsegna er tidlegare vedteken av Bergen Mållag sitt årsmøte og er sendt til Noregs Mållag og til utvalde politiske parti.

- Årsmøtet vedtok fråsegna.

3

Øystein Skjæveland presenterte det siste fråsegnframlegget, *Nynorsk må vera på nettbrett*.

Denne fråsegna er tidlegare vedteken av Kvinnherad Mållag sitt årsmøte og er adressert til kommunane i Hordaland.

Marta Nagel-Alne (Studentmållaget i Bergen) gjorde framlegg om ei endring i dei fyrste setningane. Ho føreslo å byta ut dei to fyrste setningane i fråsegna med desse: 'Hordaland Mållag fylgjer utviklinga i bruken av digitale læremiddel i skulen med interesse. I eit stadig meir digitalisert samfunn er dette ei utvikling det er viktig å ta på alvor.'

Hans Birger Drange (Askøy Mållag) gjorde framlegg om at ein bør bruka ordet 'programvare' i staden for 'appar og program'.

Elles kom årsmøtet med ein merknad om at Hordaland Mållag skal skrivast med majuskel fremst i begge orda, altså Hordaland Mållag og ikkje Hordaland mållag. Det er språkleg rett å skriva førebokstaven i mållag med minuskel, men sedvane har gjort at ein no brukar majuskel her.

Øystein Skjæveland trekte dei opphavlege formuleringane og stilte seg bak dei to endringsframlegga.

- Årsmøtet vedtok fråsegna med endringar.

10. Val

1 Styresamansetnad

Leiar i valnemnda Øystein Skjæveland la fram innstillinga til nye styreverv. Nemnda innstilte Sahra Torsvik (Øygarden Mållag) og Ingrid Hovstad (Studentmållaget i Bergen) til attval som styremedlemer, og vidare Astrid Helene Olsen (Bergen Mållag), Kristin Hågøy (Medisinsk Mållag), Marta Nagel-Alne (Studentmållaget i Bergen), Øyvind Heitmann (Arna Mållag) og Lars M. Fjeldstad (Osterøy Mållag) i rett rekkjefylgje til 1., 2., 3., 4. og 5. vara. Til leiarvervet var innstillinga delt, der både Bjørg Eli Eide (Bergen Mållag) og Knut O. Dale (Odda Mållag) var føreslåtte. Solveig Grønlien (Odda Mållag) og Arild Reigstad (Arna Mållag) var ikkje på val og er framleis medlemer i styret.

Det vart opna for ordskifte og merknader. Fleire tok til orde for å fremja både Knut O. Dale og Bjørg Eli Eide til leiarvervet.

Det vart trekt fram at Knut O. Dale kan visa til høg aktivitet i Odda Mållag, der han har vore leiar i ei årrekkje. Odda Mållag er eit av dei viktigaste lokallaga i Noreg og dei jobbar mellom anna hardt for å fremja Odda-modellen. No er ein inne i ei lagnadstid for nynorsken og Dale har gjort ein enorm innsats for arbeidet i randsonene. Han har høg kompetanse etter snart 40 år som lektor og minst like lang aktiv fartstid i mållaget. Dale har nettopp gått ut i pensjon og vil difor ha mykje tid til å driva målarbeid, noko som også er viktig når ein har ein tilsett som skal ha oppfølging.

Det vert sagt at Bjørg Eli Eide har vore ein svært godt likt og kyndig leiar i Bergen Mållag i mange år, der ho har vore med på å få gjennomslag for mange viktige saker. Ho er ein god lagspelar som heller viser til kva organisasjonen får til enn kva ho sjølv har vunne fram med. Etter å ha vore vara i fleire periodar kjenner Eide også allereie godt til arbeidet i styret i Hordaland Mållag. Den inkluderande og positive framtoninga hennar vil koma godt med både som styreleiar, arbeidsgjevar og representant utåt i samfunnet.

Vidare vart det trekt fram at det kunne vera ein føremon å velja ein mann til leiar for å sikra god kjønnsbalanse i styret. Slik det er no er det flest kvinner i verva her.

Ein annan teknisk faktor var at det allereie er ein representant frå Odda Mållag i styret og ingen frå Bergen. Bergen Mållag er det største lokallaget i Hordaland og det er viktig å ha nokon frå fylkessenteret i styret.

Årsmøtet meinte samarbeidsevne og ei open haldning er av dei viktigaste eigenskapane ein ser etter når ein skal velja ein ny leiar for organisasjonen. Dette er essensielt både i det interne arbeidet, men også utåt.

Det vart også lagt fram ein merknad om at innstillinga frå valnemnda vart lagt fram alt for seint. På denne måten har det ikkje vore råd å få tydeleg fram kva dei ulike kandidatane til leiarvervet vil arbeida for.

Det vart gjort framlegg om at dei to som ikkje har røysterett kan vera teljekorps, altså Øyvind Heitmann (Arna Mållag) og Live Havro Bjørnstad (tilsett).

Årsmøtet slutta opp om dei to kandidatane til teljekorps, og ein gjekk til skriftleg val av ny styreleiar.

- Årsmøtet valde Bjørg Eli Eide til ny leiar med 23 mot 8 røyster. I tillegg vart det tald opp ei blank røyst og ei som vart forkasta.
- Årsmøtet hadde ingen andre framlegg til styremedlemer og vedtok innstillinga frå valnemnda.
- Årsmøtet hadde ingen andre framlegg til varamedlemer til styret og vedtok innstillinga frå valnemnda.

2 Skulemålsnemnd

Leiar i valnemnda la fram innstillinga til nye medlemer i skulemålsnemnda. Erlend Bakke var innstilt til ny leiar, noko som ville frigje ein ekstra plass i nemnda, då Bakke allereie hadde eit verv i nemnda og var ikkje på val. Valnemnda innstilte difor Øyvind Heitmann til det eine ledige vervet, Oddvar Skre til det andre og Borghild Gramstad til det tredje. Mona Stormark og Aslaug Mork Topphol vart lagt fram som varakandidatar. Då mangla det framleis ein vara, så valnemnda gjorde framlegg om at skulemålsnemnda får fullmakt til å finna ein tredje vara. Ragnhild Kvifte var ikkje på val og sit framleis i nemnda.

Skjæveland nemnte også at ein kan henda kunne tenka seg at Knut O. Dale kunne vera aktuell for skulemålsnemnda då han ikkje vart vald til leiar i styret.

Årsmøtet hadde ingen andre framlegg til medlemer i skulemålsnemnda.

- Årsmøtet vedtok innstillinga frå valnemnda og gav skulemålsnemnda fullmakt til å finna ein tredje varamedlem.

3 Revisor

På vegne av det avtroppande styret la Astrid Helene Olsen fram innstilling til revisorar, der Kåre Johan Mjør og Arne Apol vart innstilte til verva. Styret ville vidare ta på seg oppgåva med å finna ein vara.

- Årsmøtet vedtok innstillinga frå valnemnda.

4 Valnemnd

Vidare la Astrid Helene Olsen fram styret si innstilling til medlemer i valnemnda. Øystein Skjæveland vart føreslått til attval som leiar i nemnda. Håkon Remøy og Johannes Sekse var ikkje på val og er framleis medlemer.

Det vart opna for ordskifte:

Årsmøtet meinte det var uheldig at valnemnda under Øystein Skjæveland si leiing ikkje hadde lagt fram innstillinga si til fastsett tid. Dette må den nye valnemnda ta med seg vidare.

Marta Nagel-Alne gjorde framlegg om å velja Håkon Remøy til ny leiar i nemnda.

Årsmøtet gjekk til skriftleg val om leiarvervet i valnemnda og same teljekorps (Øyvind Heitmann og Live Havro Bjørnstad) talde stemmene.

- Årsmøtet valde Håkon Remøy til ny leiar i valnemnda med 17 mot 15 røyster. Ei røyst var blank.

Styret gjorde framlegg om at Øystein Skjæveland kunne veljast til medlem i valnemnda.

- Årsmøtet valde Øystein Skjæveland til medlem i valnemnda.

5 Landsmøteutsendingar

Avtroppande styreleiar la fram lista over innstilte utsendingar til landsmøtet, og denne såg slik ut: 1. Bjørg Eli Eide, 2. Solveig Grønlien, 3. Ingrid Hovstad, 4. Arild Reigstad, 5. Sahra Torsvik, 6. Erlend Bakke, 7. Øystein Skjæveland, 8. Oddvar Skre, 9. Bjørn Enes, 10. Brit Reigstad. På varaplass var Ingvild Kleiveland Vevle, Aslaug Mork Topphol og Kristin Håggøy innstilte.

- Årsmøtet vedtok innstillinga frå styret.

6 Mållovsansvarleg

Astrid Helene Olsen la fram styret si innstilling til mållovsansvarleg, Erlend Bakke.

- Årsmøtet valde Erlend Bakke til mållovsansvarleg.

7 Næringslivsansvarleg

Astrid Helene Olsen la fram styret si innstilling til næringslivsansvarleg, Øystein Skjæveland.

- Årsmøtet valde Øystein Skjæveland til næringslivsansvarleg.

Til sist ville det avtroppande styret gjerne gje heider til Oddvar Skre som no gjekk av som leiar i skulemålsnemnda, der han har vore leiar i 17 år og medlem i lang tid før det. Skre er ein aktiv mann som aldri seier nei, og som har stått på i tiår etter tiår. Årsmøtet takka han for innsatsen så langt.

Ein annan hardtarbeidande leiar gjekk også av ved dette årsmøtet, nemleg Astrid Helene Olsen som har vore styreleiar i Hordaland Mållag i mange periodar. Årsmøtet takka henne for iherdig innsats som leiar og gav henne mellom anna stor ære for å ha fått Hordaland Mållag til å vera meir aktive og synlege i den digitale verda.